



Dagleg leiar Bente Nilsen er framleis svært imponert over kundane sin vilje til å gje til Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dei to åra 2005 og 2006 gav innsamlinga av flaskepantlappar på Spar til Aktivitetshuset 60.125 kroner til det gode føremålet. I tillegg kjem eit beløp som kom inn ved starten i 2004 men som ingen kjenner storleiken på. Kundane plar gje omtrent ein tredjedel av flaskepanten til storstova i bygda.

Det kjem i gjennomsnitt inn pantelappar frå for mellom 2.000 og 2.500 kroner i månaden til Aktivitetshuset. I fjor gav folk mest i juli, med 3.984 kroner, medan det kom inn 1.591 kroner i januar.

I ein typisk gjennomsnittsmånad kjem det inn rundt 6.500 kroner i flaskepant i alt i butikken.

- Kundane fortener all mogleg honnør fordi dei på dette viset syner vilje til å gjera noko for bygdefellesskapet, seier betjeninga ved Spar

.Reint teknisk fungerer ordninga slik at kundene slepp pantelappen opp i ei grøn postkasse ved sidan av pantautomaten.

Av Ola Matti Mathisen